



SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND
IKS
Postboks 444
5403 STORD

Dato: 02.08.2018
Vår ref.: 2018/10507-11
Saksbehandlar: hanglop1
Dykkar ref.:

Orientering om vedtak i klagenemdna

Til orientering følgjer vedtak og saksframlegg på klage frå frå Orkideen Frisør AS på avslag på søknad om tilskot frå Etablerarfondet for Sunnhordland.

Saksprotokoll i klagenemnda - 19.06.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Klage frå Orkideen Frisør AS på Samarbeidsrådet for Sunnhordland sitt vedtak om å avslå søknad om støtte frå Etablerarfondet for Sunnhordland vert ikkje teken til følgje.

Med venleg helsing
Hans Inge Gloppen
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Saksframlegg

Arkivnr: 2018/10507-2
 Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda	31/18	19.06.2018

Klage på avslag på søknad om tilskot frå Etablerarfondet for Sunnhordland

Samandrag

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har fått klage frå Orkideen Frisør AS på avslag på søknad om tilskot frå Etablerarfondet for Sunnhordland. Avslaget er grunngjeve med at ei støtte til denne etableringa er konkurransevridande. I tillegg vert det søkt om midlar til investering og drift, noko det regionale etablerarfondet ikkje kan nyttast til. Klaga frå Orkideen Frisør AS vert difor fremja for klagenemnda.

Fylkesdirektør regional utvikling har behandla klaga og opprettheld Samarbeidsrådet for Sunnhordland sitt avslag på søknaden om støtte. Fylkesrådmannen har deretter vurdert klaga, og rår til at klage frå Orkideen Frisør AS ikkje vert teken til følgje.

Økonomi: Ingen effekt på driftsresultat, lånegjeld og disposisjonsfond

Klima: Ingen effekt på klimaet

Folkehelse: Ingen effekt på folkehelsa

Regional planstrategi: Ingen samanheng med mål og strategiar i planstrategien

Forslag til vedtak

Klage frå Orkideen Frisør AS på Samarbeidsrådet for Sunnhordland sitt vedtak om å avslå søknad om støtte frå Etablerarfondet for Sunnhordland vert ikkje teken til følgje.

Saksprotokoll i klagenemnda - 19.06.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Klage frå Orkideen Frisør AS på Samarbeidsrådet for Sunnhordland sitt vedtak om å avslå søknad om støtte frå Etablerarfondet for Sunnhordland vert ikkje teken til følgje.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 23.04.2018

Samarbeidsrådet for Sunnhordland gav Orkideen Frisør AS avslag om støtte på kr 200 000,- fra Etablerarfondet for Sunnhordland 3. april 2018. I følgje søknaden var støtte tenkt nytt til etablering av ein frisørsalong med ein roleg atmosfære med fokus på naturleg skjønnhet og naturlege produkt både til salongbruk og utsal.

Klaga på avslaget frå Orkideen Frisør AS er ikkje datert, men kom Samarbeidsrådet i Sunnhordland i hende innan klagefristen på tre veker. I klaga vart det mellom anna peika på at verksemda håpa på å få litt tilskot for på sikt kunna rekruttere lærlingar i frisørfaget. Samarbeidsrådet for Sunnhordland oppretthaldt sitt vedtak om avslag med grunnlag i at dette var ein søknad om midlar til drift og investeringar, og saka vart deretter vidaresendt til den fylkeskommunale klagenemnda 17. april 2018.

I følgje kriteria for Etablerarfondet for Sunnhordland skal forvaltinga og verkemiddelbruken vera i tråd med «*Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar av 1. januar 2014*». For regionale etablerarfond betyr dette at det kan gjevast tilskot til enkeltbedrifter og etablerarar, men midlane kan ikkje brukast til:

- a) Drift av næringsverksemd eller organisasjonar (t.d. varelager, husleige, marknadsføring m.m)
- b) Kausjon eller annen økonomisk garanti
- c) Direkte eller indirekte investeringar i verksemder sin eigenkapital
- d) Renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjekt

Samarbeidsrådet for Sunnhordland vurderte det slik at dette var ein søknad om midlar til drift og investeringar, og dermed fall utanfor formålet med etablerarfondet.

Generelle retningslinjer for klage

Klageinstansen kan prøva alle sider av saka, jf. forvaltningsloven § 34 andre ledd, samt utøving av det frie forvaltingsskjønn. Tildeling av midlar under ordninga Etablerarfondet for Sunnhordland høyrer innunder forvaltinga sitt frie skjønn. Når det, som her, er tale om å tildela avgrensa midlar, må forvaltinga ha eit stort spelrom for skjønn ved valet mellom søkerar som oppfyller kriteriene for tildeling. Samt å kunna vurdera om dei fell utanom dei områder som skal prioriterast i høve til vurderinga av søknader.

Tildelingane må likevel skje innan rammene av eventuelle vedtekne retningsliner og målsetjingar. Tildelingane må heller ikkje komme i strid med ulovfesta skrankar for den frie skjønnsutøvinga, som bl.a. er vilkårlegheit, sterk urimelegheit og forskjellsbehandling.

Forvaltinga og verkemiddelbruken skal vera i tråd med «*Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar av 1. januar 2014*». For regionale etablerarfond betyr dette at det kan gjevast tilskot til enkeltbedrifter og etablerarar. Midlane kan ikkje brukast til:

- Drift av næringsverksemd eller organisasjonar
- Kausjon eller annen økonomisk garanti
- Direkte eller indirekte investeringar i verksemder sin eigenkapital
- Renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjekt

I fylje same forskrift er det paragraf 17, tredje ledd som regulerer klageadgangen på midlane som vert forvalta av Samarbeidsrådet for Sunnhordland, på vegne av Hordaland fylkeskommune. Der heiter det: «*Vedtak truffet av andre tilskuddsforvaltere kan påklages til den som har delegert tilskuddsforvaltningen til denne.*»

Etablerarfond for Sunnhordland – krav til søkerar og prioriteringsskriterier

I samanheng med tildelingsbrevet Samarbeidsrådet for Sunnhordland fekk frå Hordaland fylkeskommune då midlane til Etablerarfondet for Sunnhordland vart tildelt, var det lagt ved eit eige skriv med krav til søkerar og prioriteringsskriterier. I desse kriteriene heiter det:

Søknad om tilskot frå dei regionale etablerarfonda må sendast gjennom det nettbaserte søknadssystemet RF13.50 Eit generelt krav er at midlane skal nyttast i tråd med Regional plan for næringsutvikling 2013 til

2017 og prioriteringane i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNH). Vidare må søknaden tilfredsstilla nokre krav kor dei viktigaste er:

1. Prosjekt eller tiltak som det vert søkt om midlar til må vere forankra i ein eller fleire av kommunane i den regionen det vert søkt om tilskot i. Prosjektet skal ha god kvalitet, søkjar skal ha god gjennomføringsevne og verksemda som vert etablert bør innehalda minst eitt årsverk.
2. Målgruppe for dei regionale etablerarfonda er ny-etablerte verksemder som er etablert det året det vert søkt om midlar, eller prosjekt som vil føre til etablering av ei verksemrd i etterkant av søknaden. Enkeltpersonforetak reknast også som verksemrd i denne samanhengen.
3. Midlane skal tildelast som tilskot på inntil 50.000 kroner til etablerarar og ny næringsverksemrd som fell utanfor Innovasjon Noreg si ordning med «*etablerartilskot til gründerbedrifter med vekstambisjonar og ein forretningsidé som representerer noko vesentleg nytt i marknaden*»
4. Tilskotet vert gitt innanfor rammene av bagatellmessig støtte.
5. Tilskot frå etablerarfondet skal bidra til gjennomføring av naudsynte tiltak i tidleg oppstartsfasa, og gje gründaren kompetanse om marknad og økonomi. Aktuelle aktiviteter kan vera: Kundeundersøkingar, brukarstudiar og anna kartlegging for å få meir brukarinnnsikt, testing og vidareutvikling av forretningsidé, kostnader knytt til nettverksbygging og styrking av kompetanse innan forretningsutvikling.

Forvaltninga og verkemiddelbruken skal vera i tråd med «*Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar av 1. januar 2014*». For regionale etablerarfond betyr dette at det kan gjevast tilskot til enkeltbedrifter og etablerarar. Midlane kan ikkje brukast til:

- a) Drift av næringsverksemrd eller organisasjoner
- b) Kausjon eller annen økonomisk garanti
- c) Direkte eller indirekte investeringar i verksemder sin eigenkapital
- d) Renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjekt

Fylkesdirektør regional utvikling si vurdering

Fylkesdirektør regional utvikling har vurdert klagesaka med utgangspunkt i «*Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar av 1. januar 2014*» og Etablerarfondet for Sunnhordland sine krav til søknader og prioriteringsskriterier, som følgde med tildelingsbrevet datert 5. april 2017.

I saksvurderinga til Samarbeidsrådet for Sunnhordland heiter det:

«*Ei støtte til denne etableringa vil vera konkurransevidande. I tillegg vert det søkt om midlar til investering og drift, noko det regionale etablerarfondet ikkje kan nyttast til. Administrasjonen rår difor til at søknaden ikkje vert støtta*»

Fylkesdirektør regional utvikling har med utgangspunkt i vilkåra som følgde med tildelingsbrevet funne å oppretthalda Samarbeidsrådet for Sunnhordland sitt avslagvedtak på søknaden frå Orkideen Frisør AS om etablerarstøtte, og at klaga ikkje vert teken til følge.

Fylkesrådmannen si vurdering

På grunnlag av opplysningane i saka, vurderer fylkesrådmannen det slik at tildelinga er føreteke i tråd med dei oppgitte retningslinene for krav og prioritering av søkjarane. Skjønnsutøvinga ved prioriteringa mellom søkerane framstår som saklig og forsvarlig, utan å koma i strid med ulovfesta skrankar for skjønnsutøvinga. Fylkesrådmannen seier seg einig fylkesdirektøren si vurdering og rår på bakgrunn av dette til at klage frå Orkideen Frisør AS over Samarbeidsrådet for Sunnhordland sitt vedtak om avslag på søknaden om støtte frå Etablerarfondet for Sunnhordland ikkje vert teken til følge.

Vedlegg:

1. Klage frå Orkideen Frisør AS
2. Etablerarfondet for Sunnhordland – krav til søknader og prioriteringsskriterier